



Etter siste val då Bjarne Berge vart åleine att i kommunestyret for si liste låg det i korta at han kom til å gå attende til Høgre.

Det slår leiar i Høgre i Kvinnherad, uskedelingen Gunn Mari Moberg (biletet) fast når uskedalen.no ber om ein første kommentar til at Berge er innmeldt i det gamle partiet sitt.

- Det er greitt, er Mobergs andre svar på spørsmålet.
Ho synest det er positivt at
Kvinnherad Høgre har fått ein mann med så omfattande erfaring med på laget.

- Og han er også velkommen inn på lista ved valet neste år?

-Jau, det er klart at han kjem med på lista. Men kor høgt han kjem veit eg naturleg nok ikkje noko om i dag, svarar Moberg.

Men både ho og andre uskedalen.no har hatt kontakt med er slik å forstå at det ikkje vil vera naturleg å gje Bjarne Berge ein topp-plassering.

Av Ola Matti Mathisen